

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 05.02.2019

Øyvind Strømmen (MDG) sette på vegner av MDG, H, FrP, V, SP, SV, R, KrF og A fram slikt tilleggsforslag:

«Hordaland fylkeskommune vil også peika på utfordringane dette vil skape for internasjonale skular, som i betydeleg grad har lærerar frå land utanfor EØS og understrekar viktigheita av at eit eventuelt regelverk ikkje råkar desse på ein urimeleg måte.»

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

Forslag til nytt vedtak (erstattar FRM sin innstilling):

Utval for opplæring og helse meiner at departementet ikkje legg fram tilstrekkeleg grunngjeving for kvifor dette kravet skal innførast. Utvalet stiller spørsmål ved om ikkje intensjonen ivaretas allereie i dag gjennom krav til kompetanse og krav om norskspråklege ferdigheiter i skole/barnehage. I tillegg er det uheldig at departementet lager eit skilje mellom faste- og midlertidig tilsette m.m. og innleid personale vedrørende krav om butid, da det eksempelvis er bemanningsselskapar som vert brukt i barnehagar/skoler.

Røysting

Øyvind Strømmen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Emil Gadolin sitt forslag fekk 10 røyster (A, R, SV, SP, KrF, MDG og V) og vart vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fekk 5 røyster (H og FrP) og fall.

Vedtak

Utval for opplæring og helse meiner at departementet ikkje legg fram tilstrekkeleg grunngjeving for kvifor dette kravet skal innførast. Utvalet stiller spørsmål ved om ikkje intensjonen ivaretas allereie i dag gjennom krav til kompetanse og krav om norskspråklege ferdigheiter i skole/barnehage. I tillegg er det uheldig at departementet lager eit skilje mellom faste- og midlertidig tilsette m.m. og innleid personale vedrørende krav om butid, da det eksempelvis er bemanningsselskapar som vert brukt i barnehagar/skoler.

Hordaland fylkeskommune vil også peika på utfordringane dette vil skape for internasjonale skular, som i betydeleg grad har lærerar frå land utanfor EØS og understrekar viktigheita av at eit eventuelt regelverk ikkje råkar desse på ein urimeleg måte.